

# Invitasjon til Yrkes-NM

01.- 03.04.2024

For første gong vert Yrkes-NM og Utdanningsmesse arrangert parallelt i Førde frå 1. til 3. april 2025. Dette er òg første gong Yrkes-NM blir arrangert utanfor dei store byane.

Yrkes-NM er eit nasjonalt meisterskap i yrkesfag der deltakarar frå heile landet konkurrerer i over 20 ulike fag innan yrkesfag. Vinnarane får den ettertrakta tittelen som Noregsmeistarar og kvalifiserer seg til internasjonale meisterskap som Yrkes-EM og Yrkes-VM.

## **Utdanningsmesse og rådgjeving**

Utdanningsmessa vert arrangert parallelt med Noregsmeisterskapen. Her kan ein bli betre kjent med ulike yrkesfaglege utdanningsprogram. Bedrifter, fagskulen, høgskulen og lokalt næringsliv vil vere til stades for å presentere seg sjølv og yrka dei representerer. Dei kan hjelpe deg med spørsmål, og gje råd viss ein vurderer vidare utdanning.

- Utdanningsmessa er ein unik arena der ein kan møte fagfolk og lære meir om yrka. Her får ein høve til å stille spørsmål direkte til dei som faktisk jobbar i bransjen, og får ei heilskapleg oppleving av kva yrkesfaga har å tilby.

## **Får prøve yrka.**

På utdanningsmessa får ein også prøve seg i forskjellige yrke gjennom praktiske oppgåver. I tillegg kan ein sjå og lære av lærlingar som stiller i konkurransane.

- Vi har lagt stor vekt på å skape ei inkluderande og interaktiv messe, der ein kan utforske sine interesser og sjå kva yrke som vekker mest entusiasme.

- Vi vil at du skal få ein sjanse til å utforske ulike utdanningsløp og karrieremoglegheiter på ein praktisk og engasjerande måte. Målet vårt er å gi ungdommar dei verktøya dei treng for å ta gode val for framtida.

## **Opningstider for publikum:**

- Tysdag 1. april kl. 09.00–18.00: NM-konkurransar og utdanningsmesse
- Onsdag 2. april kl. 09.00–16.00: NM-konkurransar og utdanningsmesse
- Torsdag 3. april kl. 09.00–12.00: NM-konkurransar og utdanningsmesse

# Instagramkonto Yrkes-NM

Følg vår Instagramkonto for å sjå alt det spennande

som vi skje i Førde 1.-3.april 2025

Her er det jamleg oppdatering på program.

Spennande konkurransar, med fine premiar

Informasjon om dagane.

Og mykje mykje meir



Yrkesnm2025

